

LUS

Det er oppdaga lus på skulen, og vi sender difor ut dette skrivet til orientering.

KVA ER LUS

Lus er små vingelause insekt som er gråbrune eller svarte. Dei kan og sjå raude ut dersom dei nett har sugd blod. Dette er insekt som er 2-3 mm store.

Dei lever i mennesket sin hovudbotn, der dei kryp blant hårstråa. Blod frå oss er det einaste dei lev av. Dei beveger seg raskt og kan difor vere vanskelege å få auge på, men dei kan verken hoppe eller fly.

Egga er ovale, gulkvite av farge og er 1 mm store. Dei er "limt" fast til håret, og kan sjå ut som perler på ei snor. Tomme egg kan minne om flass, men sit fast på hårstrået. NB! Lus frå dyr smittar ikkje over til menneske, og lus frå menneske smitter ikkje over til dyr.

KVEN BLIR SMITTA?

Hovudlus finn vi hyppigast hos barn i alderen 4-12 år. Dei er veldig smittsame, og det tek som regel 6-8 dagar frå ein er smitta til egg/lus viser seg.

KORLEIS BLIR VI SMITTA?

Lusesmitte skjer ved at lus kryp frå ein person til ein annan når hovuda er inntil kvarandre. Smitte kan og skje ved lån av hovudplagg, skjerf, genser med høg hals, kam, hårbørste og ved at lusa vandrar gjennom plagg som heng over kvarandre i ein garderobe. Det er liten sjanse for spreining via nakkeputer og møbler. Hårlengd har inga betydning for spreining av lus. Hovudlus kommer ikkje av dårleg hygiene.

KORLEIS MERKAR VI SMITTE?

Symptomet på lus er kløe i hovudbotnen. Kløen er ein allergisk reaksjon på lusebitta. Det kan ta mange veker frå ein blir smitta til kløen startar.

Hovudlus trivst spesielt godt i nakken, oppover mot issen og i området bak øyrene. Her ligg og mesteparten av egga. Hovudlusa sug lite blod kvar gong den stikk, og må difor suge blod minst to gonger om dagen. Lus som ikkje får suge blod, dør i løpet av eit par dagar.



Saman om læring og glede!



SANDNES KOMMUNE

KAMMING AVSLØRAR LUS

Kamming av vått hår har vist seg å vere den mest effektive måten å påvise hovudlus på. Det er viktig å bruke ei fintanna kam, sterkt lys, forstøringsglas og kvitt handklede over skuldra. Sjå etter lus og egg både på handklede og i kammen.

BEHANDLING

MEDISINSK BEHANDLING:

Middel mot lus kan kjøpast på apoteket utan resept. Det er berre dei om er smitta som skal behandlast. Spør alltid på apoteket kva middel dei anbefalar. Det er viktig at du følg bruksrettleiinga nøye.

KJEMMING:

Effekten av behandlinga vil bli betre når den blir kombinert med kjemming. Håret bør kammast ein time etter behandlinga. Dersom lusa er resistente mot behandlinga, vil dei vanlegvis bli lamma ei stund, for så å vakne til liv att. Kjemming må gjerast systematisk og grundig ein gang om dagen i minst åtte dagar og deretter ein gang i veka i tre veker.

Bruk ein vanleg fintanna kam. Vask håret først med vanleg sjampo, legg eit kvitt handkle over skuldra og kam håret medan det er vått. Ver merksam på at du når heilt ned til hovudbotn med tennene på lusekammen. Lusa fell då ned på handklede og er lettare å oppdage. Sjå etter små lus og luseegg mellom tennene på kammen. Etter bruk må kam og handklede bli behandla med varmt vatn over 60 grader, eller frysast i minst 4 timar for å drepe lusa. Kammen må bli reinsa etter kvar person.

Det er anbefala at du ikkje nyttar hårfønar den første månaden etter behandlinga.

Det er vanlegvis ikkje naudsynt med ein omfattande reingjering av sengetøy, men det må skiftast.

Lus døyr dersom dei blir utsette for:

- Temperatur på meir enn 25 gradar i minst to døgn
- 60 gradar i 5 minuttar (vaskemaskin eller tørketrommel)
- - 20 gradar i fryseboks i 8-10 timar

Det blir anbefalt at alle i familien blir undersøkt nøye dersom ein i familien har fått lus.

KAN EIN FØREBYGGJE LUS?

Det beste førebyggjande tiltaket er at foreldra undersøklar barna for lus med jamne mellomrom, slik at lusa kan oppdagast før den får spreidd seg til andre.

Sviland skule

Svilandveien 211, 4308 Sandnes - 51608050